



Sykkelrebusen til idrettslaget er eit stimulerande aktivitetstiltak.

Samanhengande gang- og sykkelveggar mellom nærliggjande bygder er viktig for å auka den daglege aktiviteten. Det held folkehelsekoordinator Cecilie Bjørke fram i eit innspel til kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet.

Ellers meiner ho mellom anna at vidare prioritering og satsingar på nærmiljøanlegg bør prioritera barn og unge som fell utanfor anna aktivitet framfor fleire ballbingar.

Eit hovudpoeng i innspelet hennar er tilretteleggjing for anlegg, areal og infrastruktur som gjer det enklare å vera i aktivitet. Dei sunne og aktive vala må gjerast enkle.

Bjørke konstaterar at nordmenn bevegar seg langt mindre enn andre europarar til fots eller med sykkel og det er ingen grunn til å tru at kvinnheringane kjem betre ut enn landsgjennomsnittet for dette.

Større anleggsområde bør utformast for å inkludera alle. Det bør vera livsløpstilretteleggjing i anlegget for idrett og fysisk aktivitet og leikeplassar og naturlege møteplassar bør vera ein naturleg del.

Det er positivt at dette kjem fram i planen, held Bjørke fram.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen